
Saksnr: 2020/77925-2
Saksbehandlar: Siri Hanson

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Næringsutvalet		12.01.2021

Vidareføring av FORREGION - kapasitetsløfts-prosjektet KABIS- Kapasitetsløft for berekraftig og innovativ sjømatnæring. Medfinansiering frå fylkeskommunen

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune er positiv til å støtte KABIS i 3 nye år med intensjon om ein total økonomisk støtte på 2.7 mill.
2. For 2021 vert den fylkeskommunale støtta på kr 900 000 finansiert over løyvingnivå 25 - Utviklingsmidlar.
3. For løyvingane for 2022 og 2023 vert det teke atterhald om årleg budsjettvedtak

Samandrag

Kapasitetsløft-prosjektet KABIS er eit 6 årig FORREGION prosjekt med 4 mill pr år i støtte frå Noregs Forskingsråd. Prosjektet er leia av NORCE Research AS. Hordaland fylkeskommunen støtta KABIS med 0.9 mill pr år dei tre første åra. God tilbakemelding på evalueringa etter tre år har ført til lenging av KABIS i nye 3 år.

NORCE søker no om vidare medfinansiering frå Vestland fylkeskommune dei tre siste åra med totalt kr 2.7 mill fordelt 0.9 mill pr år. Prosjektet har ein totalkostnad på kr 21 mill for dei tre siste åra. Deltakande verksemder vert utvida slik at det no vert deltakarar frå heile Vestland fylke.

Bård Sandal
fylkesdirektør

Kathrin Jakobsen
seksjonsleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

FORREGION - kapasitetsløft

FORREGION er forskingsrådet sitt program for forskingsbasert innovasjon i regionane og skal bidra til auka verdiskaping, konkurransekraft og omstillingsevne i næringslivet og det er kvar region sin unike moglegheiter og utfordringar som ligg til grunn. Mobilisering er pilar 1 og Kapasitetsløft er pilar 2 i satsinga.

Formålet med Kapasitetsløft er å betre kapasiteten på forskning og utdanning knytt til felt som er viktig for regionen, auke forskingsbasert innovasjon i næringslivet og auke deltakinga i ulike verkemiddel. Det er eit krav i kapasitetsløft-prosjekta med forankring i fylkeskommunen. Det er no to kapasitetsløft i Vestland, KABIS og Teknoløftet. Kapasitetsløft-prosjekta er viktig verkemiddel for fylkeskommunen for å bygge kapasitet i form av forskning i internasjonal front og utvikle utdanning som er i tråd med behovet i næringslivet. Fylkeskommunen har difor gått inn med økonomisk støtte til begge prosjekta i fylket. Teknoløftet er finansiert for heile prosjektperioden og har finansiering over budsjett for 2021, mens KABIS manglar finansiering for dei siste tre åra.

KABIS - Kapasitetsløft for berekraftig og innovativ sjømatnæring.

KABIS er eit 6 årig FORREGION prosjekt med totalt 24 mill i støtte frå Noregs Forskingsråd. Prosjektet er leia av NORCE og har Høgskulen på Vestlandet (HVL), UiB og fleire bedrifter som partnerar. Fylkeskommunen støtta KABIS med 0.9 mill pr år desse tre første åra. Av dei 6 kapasitetsløft-prosjekta frå 2018, var det KABIS som fekk samla høgste score i evalueringa. Forskingsrådet vidarefører KABIS med økonomisk støtte i nye 3 år, totalt 12 mill og føreset regional med finansiering.

Deltakande verksemder vert utvida slik at det no vert deltakarar frå heile Vestland fylke og det vert lagt vekt på å styrke kommunikasjonen i prosjektet. «Impact forum» vert vidareutvikla som møteplass mellom bedrifter og FoU. Prosjektet har samarbeida med FORREGION mobiliseringsprosjektet MobiFORSK og vil halde fram og utvikle dette vidare med FORREGION Vestland.

KABIS-prosjektets overordna idé er å forsterke og målrette den havbruksorienterte forskning og utdanning i regionen slik at denne bygger opp under og styrker innovasjonsarbeidet og omstillinga for å utvikle miljøvenlege, lukka og semilukka oppdrettssystem på land og i sjø.

Prosjektet jobbar med å:

- styrke studietilbudet i Bergen på høgere nivå innan bærekraftig oppdrettsteknologi, produksjonsbiologi, havbruksteknologi, innovasjon og entreprenørskap.
- tilretteleggje og fasilitere tovegs personmobilitet for studentar og tilsette mellom FoU institusjonar og bedrifter, nasjonalt og internasjonalt.
- stimulere til forskingsaktivitet hos deltakande bedrifter gjennom å tilretteleggje for økt bruk av feltbaserte og eksperimentelle studentoppgåver på master, siv.ing. og dr. grads nivå, og som fokuserer på anvendte problemområde.
- identifisere og fasilitere den enkelte bedrifts bruk av FoU resultat og nettverk i den vidare utvikling og implementering av framtidige produksjonsstrategiar. Dette gjelder bl.a. landbaserte resirkuleringsanlegg (RAS) og flytande semilukka anlegg i sjø (S-CCS) som skal bidra til en konkurransedyktig og berekraftig vekst i norsk havbruksnæring.

Prosjektet utviklar samspelet i det regionale havbrukslandskapet ved å forene kompetanse og tilbod i omstillingsprosessane næringa nå gjennomgår. I tillegg vil prosjektet styrke havbruksnæringa nasjonalt og internasjonalt gjennom å utvikle ny

framtidretta kompetanse knytt til berekraftig oppdrettsteknologi i tett dialog med relevante nærings og FoU partnarar.

Etter 3 år har prosjektet KABIS har bidratt til auka samarbeid mellom akademia og havbruksbedriftene på Vestlandet. Særleg har Impact-forum ført til ei rekke nye FoU-prosjekt og mobilitetsprosjekt mellom næring, studentar og forskarar. Mobiliteten vert knytt til emne og studiepoeng og bygger opp varig kapasitet for mobilitet også utover prosjektperioden. Dette har resultert i revisjon av fleire emne ved HVL og arbeid med oppretting av nye fag på UiB. Aktiviteten har ført til en rekke FoU-prosjekt på PhD, Master og Bachelor -nivå, betydeleg styrking av rettleiing og undervisning ved HVL og UiB, oppgradering av undervisningsmateriell, nytt emne «Praksis i havbruk» og det vert jobba med nytt kurs i RAS, avtale om hospitering og HVL har fått akkreditert eit nytt PhD-program i «Ansvarleg innovasjon og regional utvikling» som vil styrke studietilbodet betydeleg. Internasjonalt samarbeid er styrka med studentutveksling til Storbritannia og Spania.

Vestland fylkeskommune har plass i styringsgruppa for KABIS og vert invitert til deltaking i mellom anna «Impact forum» og andre faglege møte. Prosjektet har samarbeid med FORREGION mobiliseringsprosjektet MobiFORSK og vil halde fram og utvikle dette samarbeidet vidare med FORREGION Vestland som no er godkjent i forskingsrådet. KABIS skal også jobbe tettare med FORREGION kapasitetsløft-prosjektet TEKNOLØFT i Sogndal og Brohode Havbruk i Trondheim.

KABIS vil publisere forskingsresultat av topp kvalitet i vitenskaplege tidsskrift og presentere nye resultat på nasjonale og internasjonale konferansar (F. eks European Aquaculture Society), samt mindre workshops med målretta fokus på RAS (resirkulering). KABIS har etablere en nettside som skal bli eit viktig verktøy opp mot næringen, akademia og studentar. Student's Corner under Aqkva-konferansen er en plattform for å formidle studentarbeid (bachelor- og masterprosjekt) mot næringen sjå <http://aqkva.no/aqkva-konferansen/student>.

Budsjett 2021-2023:

UTGIFT	2021	2022	2023	SUM
Driftskostnader	2.450	2.000	2.200	6.850
Innkjøp av FoU	0.600	0.600	0.600	1.800
Personal- og indirekte kostn	4.742	3.694	3.981	12.417
Sum	7.792	6.490	6.781	21.067

FINANSIERING	2021	2022	2023	SUM
Fylkeskommunen	0.900	0.900	0.900	2.700
Eigeninnsats	1.887	0.737	0.743	3.367
Industripartnarar	1.000	1.000	1.000	12.417
Norges forskningsråd	4.000	4.000	4.000	12.000
SUM	7.787	6.637	6.643	21.067

Løyvinga frå NFR avhenger av tilskotet frå partnarane og kontanttilskotet frå VFK er difor viktig for gjennomføring av prosjektet.

Vedtakskompetanse

Næringsutvalet har vedtaksmynde innanfor avdelinga sine rammar

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Finansieringa er innafor ramma til Innovasjons og næringsavdelinga.

Klima:

Prosjektet vil bidra til auka kompetanse og utdanning og er reretta mot auka berekraft i havbruksnæringa på Vestlandet.

Folkehelse:

Prosjektet er ikkje relevant for folkehelse

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Prosjektet vil bidra til måloppnåing innan fleire av FN sine berekraftmål innan miljø og økonomi og er vidare med å bygge opp under visjonar og mål i Utviklingsplan for Vestland; mellom anna berekraftig og nyskapande samfunnsutvikling, grøn konkurransekraft, forskning, innovasjon og internasjonalisering. KABIS prosjektet vil også koplata til Havbrukssatsinga for Vestland som nyleg er vedtatt. Prosjektet vil ha verdi for grøn omstilling og kompetanse i næringslivet og på den måten bidra til framtidseretta Vestland.

Konklusjon

Vestland fylkeskommune ynskjer å bidra til vidareføring av KABIS i nye 3 år og løyver 900 000,- i 2021 med intensjon om å løyve same beløp i 2022 og 2023. For løyvingane for 2022 og 2023 vert det teke atterhald om årleg budsjettvedtak.